

PRESSEMELDING –
OPPMODING TIL ALLE
Volda kommune 16.03.2020



Volda
kommune

PRESSEMELDING

Koronaviruset – di eiga åtfærd er avgjerande for at vi skal unngå smitte og smittespreiing

Ta ansvar og følg påboda og råda frå helsemyndigheitene. Volda kommune ber alle innbyggjarane ta på alvor situasjonen vi er i. Det er heilt naudsynt at alle gjer det dei kan for å hindre og forseinke smittespreiinga. Sjølv om vi ikkje har påvist tilfelle av koronaviruset i lokalmiljøet, betyr ikkje det at smitten ikkje alt er her. Så hald deg oppdatert på dei nasjonale pålegga og råda, Volda kommune følgjer desse. Alle må gjere alt dei kan for at helsetenesta skal klare å gi hjelp til dei som verkeleg treng det.

Kvifor? Du spør det kanskje kvifor skal du halde deg i ro og unngå kontakt med andre, følgje reglane for karantene og isolasjon mv. Ungdom vil gjerne vere saman med andre og synest det er keisamt å ikkje møtast. Det kan også gjelde andre aldersgrupper som eldre mv.

Fordi: Dette viruset (Covid 19/korona) er så agressivt smittsamt, at dersom innbyggjarane har fysisk kontakt eller slurvar med handvask og hygiene, så kan viruset spreie seg svært raskt. Helsemyndigheitene har sett i gang så strenge tiltak for å redusere spreinga av viruset, og på den måten halde det på eit nivå som helsevesenet kan greie å handtere. Opplyste innbyggjarar som sjølve tek ansvar er den viktigaste reiskapen mot denne pandemien. Pålegg og råd hjelp lite dersom den enkelte ikkje bryr seg. Volda kommune har tillit til våre innbyggjarar, og vi set vår lit til at du tek dette på høgste alvor og viser ansvar.

I denne fasa av pandemien er vi opptatt av å redusere smittespreiinga og sikre kritisk personell, samt gi innbyggjarane enkel og tydeleg informasjon. Vi har derfor gjort grep for å få til dette.

Skjerming av legekontora. Det er innført adgangskontroll på legekontora, samt bruk av videokonsultasjon og telefon der det er mogleg. Dette er for å sikre at ein ikkje sprengjer kapasiteten ved legekontora. Det vert oppretta eksternt legekantor ved helsestasjonslokalet på Øyra skule for undersøking av dei som kan ha smitten.

Nattlegevakta er flytta til Myrvåg helsesenter for å skilje det ut frå sjukehuset sine pasientar.

Prioritering i helse og omsorg. Drifta i helse- og omsorgstenesta er lagt opp slik at berre heilt naudsynte tenestar er i funksjon.

Lokal informasjonstelefon. Har du spørsmål om korona kan du ringje helsestasjonen sin informasjonstelefon på nr **970 11 773** - Ope 11.00-15.00 kvar dagar. **Nasjonal informasjonstelefon** om koronaviruset: 815 55 015

Kommunale bygg er stengt for publikum og det er innført forsterka reinhald av kontaktflater i dei kommunale bygga.

Butikkar og restaurantar som held ope har fått påbod om om kontrollere antal i lokalet for å gjere det mogleg med 1 meter avstand til kvarandre, samt påbod om reinhald av kontaktflater. Dette vil også gjelde bensinstasjonar og liknande.

Det vert gitt mykje informasjon frå ulike kjelder i denne situasjonen. Det er også viktig å roe ned situasjonen og ta forholdsreglane på alvor. Det er ikkje krig der vi vert hærtekte av eit anna land, men ein krig mot eit virus som kan overvinnast med fredlege våpen der kvar og ein av oss er vår eigen våpenfører. **Auken i talet på smitta og sjuke i Noreg den komande tida vil vere avhengig av effekten av tiltaka som er iverksett og om innbyggjarane etterlever råda som vert gitt.**